

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 20.10.2014
SAKSHANDSAMAR: Elisabeth Meland
SAKA GJELD: **Strategi - kjøp av spesialisthelsetenester**

ARKIVSAK: 2014/970/
STYRESAK: 112/14

STYREMØTE: 04. og 05.10. 2014

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest RHF vedtar «Strategi for kjøp av spesialisthelsetjenester».

Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet har i tilleggskokument av 27. juni 2014 til oppdragsdokument 2014 bedt dei regionale helseføretaka om å utarbeide ein ny og offensiv strategi for auka bruk av private gjennom anbod.

Forslaget til strategi er knytt opp mot sørgje for ansvaret og Helse 2020 og skal bidra til å sikre at mål som er sett for spesialisthelsetenesta i regionen blir nådd også ved kjøp av teneste frå private, og at Helse Vest så langt som mogleg sikrar ein optimal bruk av dei avtalar som blir inngått.

Fakta

I samband med Helse- og omsorgsdepartementet sitt forslag om å innføre ordninga «fritt behandlingsval» blir det i høyringsnotat til «fritt behandlingsval» peikt på at det «*primære virkemiddelet for å kjøpe kapasitet fra private skal også i fremtiden være gjennom anbud og særskilte avtaler*». Vidare blei det sagt at departementet vil «*be de regionale helseføretakene å utarbeide en ny og offensiv strategi for økt bruk av private gjennom anbud*».

Helse- og omsorgsdepartementet har i tilleggskokument av 27. juni 2014 til oppdragsdokument 2014 bedt dei regionale helseføretaka om å utarbeide ein ny og offensiv strategi for auka bruk av private gjennom anbod.

Forslag til «Innkjøpsstrategi for kjøp av spesialisthelsetjeneste» er utarbeidd i samarbeid mellom representantar frå fag- økonomi- og eigaravdelinga.

Kommentarar

Strategien tek utgangspunkt i Helse Vest sitt «sørgje for ansvar» og Helse 2020, kor eit av måla er å yte trygge og nære helsetenester til befolkninga i regionen. Helse Vest sikrar dette gjennom eigne helseføretak og gjennom avtale med private aktørar. Det avgjerande er at tenestetilboda samla utfyller kvarandre slik at tilbodet er tilgjengeleg og dekkjar pasientane sine behov.

Strategien skal sikre at måla blir ivaretekne gjennom inngåing av avtalar med private aktørar. Vidare er det ein viktig føresetnad at Helse Vest så langt som mogleg sikrar ein optimal bruk av dei avtalane Helse Vest inngår innanfor kjøp av spesialisthelsetenester.

I dei siste anskaffingane Helse Vest har gjennomført har vi allereie teke i bruk deler av det som kjem fram av vedlagte strategidokument. Vi viser mellom anna til at vi har teke inn ulike samarbeidstiltak mellom helseføretaka og privat leverandør i avtalane og at det er etablert rutinar for faste oppfølgingsmøter med dei private leverandørane. Vi har også teke i bruk ulike formar for opsjonar i avtalane.

Frå før av har Helse Vest utarbeid «Retningslinjer for kjøp av helsetjenester». Dette skjedde våren 2013. Retningslinjene skisserer arbeidsprosessane knytt til kjøp av helsetenester. Prosessane er delt inne i tre fasar: planlegging av anskaffing, gjennomføring av anskaffing og oppfølging av avtalene.

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at styret godkjenner det framlagte forslag til strategi for kjøp av spesialisthelseteneste.

Vedlegg:

1. Strategi for kjøp av spesialisthelsetjenester
2. Retningslinjer for kjøp av helsetjenester